



## ORIENTERING OM SKULEFRITIDSORDNINGA PÅ BYGLANDSFJORD, SKULEÅRET 2020-2021

Ein avgjer lokalt kva innhald SFO skal ha. Dette blir teke opp på møtet i styringsgruppa (foreldremøtet) ved skulestart. Foreldra må sjølv sørge for eventuell skyss til og frå SFO. Dei må også betale for eventuelle måltider. Dette kjem i tillegg til den ordinære månadlege innbetalinga. Matpengane blir fakturert månadleg på den ordinære rekninga. Påmeldinga er bindande. Oppseiingstida er ein månad. Plassen kan ikkje seiast opp etter 1. april (då må ein i så fall betale ut skuleåret). Diverse info om SFO kan du og finne i årsplanen som ligg på oppvekstsenteret si heimeside, bygopp.no. Ta gjerne kontakt om noko er uklart eller om de lurar på noko! Gå inn på heimesida til Bygland kommune og søk elektronisk. Du finn søknadsskjema under «skjema».

**Betalinga vil vere etter fire satsar:** (Jamfør kommunens gebyrregulativ for 2020).

Sats:	Timer	SFO	Matpengar
Sats 1	1 til 5 timar pr. veke	kr. 799,-	Kr. 102,-
Sats 2	6 til 10 timar pr. veke	kr. 1296,-	kr. 132,-
Sats 3	11 til 15 timar pr. veke	kr. 1905,-	kr. 158,-
Sats 4	16 til 25,75 timar pr. veke (23,75 t)	Kr. 2255,-	Kr. 184,-
Timesats ekstratimar		kr. 41,-	

### Merknadar:

- ✓ SFO er open frå kl. 07:15 – 16:30.
- ✓ Skuletida:
  - 1.-2. klasse: 22 t/v
  - 3.-4. klasse: 25 t/v
- ✓ Det blir gitt 50 % søskenmoderasjon i SFO
- ✓ Det må betalast ekstra for timar utover betalingssatsen i feriar. Det vil også då bli gitt søskenmoderasjon.
- ✓ Matpenger høyrer til satsen uansett kor mange måltid barnet har på sfo.

### Oversikt over skuletida:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
SFO frå 07:15					
Skule 1.-2. kl.	09:00-14:30	09:00-12:40	09:00-12:40	09:00-14:30	09:00-11:35
Skule 3.-4. kl.	09:00-14:30	09:00-14:30	09:00-12:40	09:00-14:30	09:00-11:35
SFO til 16:30					

**Søknadsfrist:** 1. mars 2020. Ved opptak gjeld plassen for 12 månader frå 03.08.20 Ein betalar for 11 månader pr. år. **SFO opnar** etter sommarferien måndag 03.08.20. Sommarstenging dei tre siste vekene i juli. ( 29, 30 og 31).